

# **PLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ**

**FOR ELEVAR PÅ ÅMÅS FRISKULE**

**2024-2028**



## **Innhaldsliste**

- [Innleiing](#)
- [Mål og definisjonar](#)
- [Årshjul](#)
- [Lovheimlar](#)
- [Aktivitetsplikt](#)
- [Når skulefråvær uroar oss](#)
- [Forskrift om skuleregler for Åmås Friskule](#)
- [Vedlegg](#)

## **Innleiing**

*Plan for trygt og godt skolemiljø* gjeld for alle elevar og tilsette på Åmås Friskule, for føresette av elevar er planen meint som ei informasjonskjelde. Planen gjeld frå 01.09.24. Planen skal reviderast etter fire år.

Formålet med planen er å sikre at alle elevar er trygge og har eit *inkluderande og positivt skolemiljø, som fremjar helse, trivsel og læring*. Planen gir alle tilsette eit felles rammeverk for arbeidet med skolemiljøet på Åmås Friskule. Det vil kvalitetssikre arbeidet med å oppfylle krava i opplæringslova, og ivareta gode og forsvarlege prosessar i arbeidet med elevane sitt skolemiljø. Planen er utarbeidd med utgangspunkt i gjeldande lovverk.

Planen viser korleis skulen skal skape og ivareta eit trygt og godt skolemiljø. Den gir føringar for korleis skulen skal arbeide med skolemiljøet og korleis handtere krenkingar og mobbing i skule, SFO og leksehjelp. Den skildrar i tillegg saksgang for skolemiljøsaker og kva tiltak skulen kan sette inn.

Måla og tema som denne overordna planen gjer greie for, er heimla i opplæringslova og privatskulelova, og er alltid aktuelle uavhengig av planperiode.

Årshjul for arbeidet med trygt og godt skolemiljø konkretiserer aktivitetar og ansvar for alle tilsette på Åmås Friskule.

Elevar og føresette skal bli orienterte om innhaldet i *Plan for trygt og godt skolemiljø*, kvart skuleår.

Skolemiljøet spelar ei viktig rolle for elevane sin trivsel og motivasjon på skulen. Eit positivt skolemiljø kan inspirere elevane til å vere til stades og engasjere seg i læringa. Omvendt kan eit negativt skolemiljø, med faktorar som mobbing, trakkassering eller dårlig relasjon til lærarar og medelevarar, føre til misnøye og stress hjå elevane. Dette kan igjen føre til auka skulefråvær, då elevane kanskje ikkje føler seg komfortable eller trygge nok til å delta aktivt i undervisninga. Åmås Friskule skal jobbe systematisk for å førebyggje ufrivillig skulefråvær. Vi vil fremje eit godt skolemiljø med ein inkluderande praksis, både sosialt, fagleg og kulturelt. Alle elevane skal oppleve at dei er ein verdifull del av fellesskapet på Åmås Friskule.

# Mål og definisjonar

## Hovudmål

- Trygge elevar i eit inkluderande og positivt skulemiljø, som fremjar helse, trivsel og læring

## Delmål

- Alle barn på Åmås Friskule skal vere trygge på at dei vaksne tek tak når dei opplever noko vanskeleg
- Alle barn på Åmås Friskule blir inkludert fagleg, sosialt og kulturelt
- Åmås Friskule skal ha eit forsvarleg system som sikrar eleven sine rettar etter opplæringslova
- Skulen skal inkludere råd og utval i arbeidet med skulemiljøet
- Åmås Friskule skal arbeide kontinuerlig for eit trygt og godt skulemiljø

## Definisjonar

Omgrepa læringsmiljø og skulemiljø vert ofte nytta om kvarandre. I denne planen nyttar vi skulemiljø om dei miljømessige faktorane i skulen.

### Dei miljømessige faktorane inkluderer:

- Vennskap og relasjonar til jamaldringar
- Relasjonar mellom elev og lærar
- Læraren si leiing av klasser og undervisning
- Normer og reglar
- Elevsyn og forventningar til læring
- Det fysiske miljøet i skulen
- Heim-skule-samarbeidet

### Åmås Friskule nyttar følgjande definisjon på mobbing:

“Handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å vere en betydningsfull person i fellesskapet og hindrer muligheten til medvirkning” (Lund, Helgeland & Kovac, 2017)

“Mobbing er systematisk fysisk eller psykisk vold fra en eller flere sammen mot en, som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen” (Roland, 2007; Roland & Vaaland, 2003)

# Årshjul

Årshjul for arbeidet med trygt og godt skudemiljø

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvar
Heile året	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevsamtalar – systematiske og situasjonsavhengige</li> <li>- Førebyggjande arbeid med skudemiljø</li> <li>- Elevråd og FAU/SMU inkludert i arbeidet med skudemiljø</li> </ul>	Rektor  Kontaktlærar har ei viktig gjennomføringsrolle i desse oppgåvane.
Før skulestart	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplæring av nyttilsette</li> <li>- Gjennomgang av plan for trygt og godt skudemiljø med fokus på:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lovverk</li> <li>- Aktivitetsplikt § 12-4</li> <li>- Skulereglane</li> </ul> </li> <li>- Fokus på relasjonskompetanse</li> <li>- System for observasjonar og kartleggingar</li> <li>- Inspeksjonsrutiner</li> <li>- Dokumentasjonskrav - alle tilsette er kjend med og forstår sine plikter og rutiner i forhold til skudemiljø</li> </ul>	
Første skuleveka	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av plan for trygt og godt skudemiljø med elevane</li> <li>- Utarbeiding av klassereglar</li> </ul>	Rektor og kontaktlærarar
September	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Felles foreldremøte med fastsatte tema:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plan for trygt og godt skudemiljø</li> <li>- Orientering om §12</li> <li>- Elevfråvær</li> <li>- Inkludering</li> </ul> </li> </ul>	Rektor og kontaktlærarar
Før haustferien	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføring av Spekter i alle klassene</li> </ul>	Rektor

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av resultata frå Spekter og vurdere tiltak</li> <li>- Vurdere andre observasjonar og kartleggingar</li> </ul>	Kontaktlærar har ei viktig gjennomføringsrolle i desse oppgåvene.
Oktober/November	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av plan for trygt og godt skulemiljø og resultat frå Spekter i elevråd, styret og FAU.</li> <li>- Evaluere tiltak knytt til Spekter</li> <li>- Elev- og utviklingssamtalar med fokus på trivsel og meistring fagleg og sosialt</li> </ul>	Rektor Kontaktlærar
Desember	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføre brukarundersøkingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevundersøkingar</li> <li>- Foreldreunderøkingar</li> <li>- Lærarundersøkingar</li> </ul> </li> </ul>	Rektor og kontaktlærarar
Januar/Februar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeid med resultata frå brukarundersøkinga. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samanlikne resultata frå elev-, foreldre- og lærarundersøkinga</li> </ul> </li> </ul>	Rektor, kontaktlærarar og lærarar
Mars-Mai	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføring av Spekter i alle klasser</li> <li>- Gjennomgang av resultata frå Spekter i lag med andre observasjonar/kartleggingar, og vurdere ev. tiltak</li> <li>- Evaluere tiltak knytt til Spekter</li> <li>- Elev- og utviklingssamtalar med fokus på trivsel og meistring fagleg og sosialt</li> </ul>	Rektor og kontaktlærarar
Juni	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluering av arbeidet med plan for trygt og godt skulemiljø på Åmås Friskule</li> <li>- Gå gjennom og oppdatere plan for førebyggande tiltak inn mot skulemiljøet</li> </ul>	Rektor

## Lovheimlar

*Privatskolelova § 2-4, § 3-10, § 3-10a, b og c, § 5A-8 og Opplæringslova § 12-1 t.o.m § 12-10, § 10-9, og 13-2 er lovgrunnlaget for Plan for trygt og godt skolemiljø.*

*§ 12-1. Verkeområde for kapittelet*

Dette kapittelet gjeld for skulen, leksehjelpordninga og skulefritidsordninga.

*§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø*

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

*§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid*

Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

*§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)*

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Dette gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøke saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til skulen sitt styre i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skulen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

*§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev*

Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til skulen sitt styre, med mindre meldinga er openbart grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenkjer ein elev, skal vedkomande melde frå til skulen sitt styre direkte.

*§ 12-6. Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skudemiljø i enkeltsaker*

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skudemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skulen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Skulen og skulen sitt styre skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skulen ikkje har oppfylt plikta til å setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje skulen eller skulen sitt styre å rette forholda. Dersom saka ellers vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at skulen eller skulen sitt styre ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skulen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skudemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skulereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skule, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

*§ 12-7. Det fysiske miljøet*

Alle elevar ha rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skulen som har nedsett funksjonsevne.

Departementet gir forskrift om saksbehandlinga av saker som gjeld det fysiske skudemiljøet etter § 12-2 og § 12-7. I slike saker gjeld ikkje § 29-1.

*§ 12-8. Tvangsmulkt*

For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 12-6 kan statsforvaltaren og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for skulen og skulen sitt styre. Tvangsmulkt kan fastsetjast samtidig med vedtaket eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulkt får verknad når skulen eller skulen sitt styre ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter § 12-6, og mulkta går til vedtaket er oppfylt. I vedtaket om tvangsmulkt kan det setjast ein seinare frist for gjennomføring enn den som vart sett etter § 12-6. Ei avgjerd om tvangsmulkt får ikkje verknad dersom det er uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for det.

Avgjerda om tvangsmulkt skal behandlast etter reglane i forvaltningsloven kapittel IV og V.

Mulkta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulkta reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulkt som kan nyttast, og om kor stor mulcta skal vere.

*§ 12-9. Straffeansvar for brot på reglane om skolemiljø*

Med bot eller fengsel i opp til 3 månader blir den straffa som forsettleg eller aktlaust grovt eller fleire gonger bryt reglane i § 12-4 første ledd, § 12-4 andre ledd første punktum og fjerde punktum eller § 12-5. Det same gjeld ein rektor som på same viset bryt reglane i § 12-4 andre ledd tredje punktum.

Når det skal vurderast om brotet er grovt, skal det leggjast vekt på kva slags lovbroten det er tale om, og kor stor skade det har ført til.

Dersom ein av reglane i § 12-4 første til andre ledd eller § 12-5 er broten av nokon som handlar på vegner av skulen, kan skulen og skulen sitt styre straffast, jf. straffelova § 27.

Straffeansvaret er forelda etter 5 år.

*§ 12-10. Bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø*

Dersom det er grunn til å tru at skulen eller skulen sitt styre ikkje har følgt reglane om psykososialt skolemiljø i eller i medhald av kapittel 12, skal det ved behandlinga av erstatningskrav etter skaderstatningslova leggjast til grunn at reglane ikkje er følgde, om ikkje skulen eller skulen sitt styre gjer noko anna truleg.

*§ 5A-8. Informasjon til elevane og foreldra (Privatskulelova)*

Skulen skal gje elevar og foreldra den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skolemiljøet og skulereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har.

*§ 10-9. Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*

Foreldreutvalet for grunnopplæringa er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skule og heim, og skal vareta foreldra sine interesser i skolesamanheng. Mandatet til FUG omfattar grunnskulen og vidaregående opplæring trinn 1.

Departementet nemner opp kvart utval for fire år, med leiar, nestleiar og fem andre medlemmar.

*§ 3-10. Bortvising (Privatskulelova)*

Styret kan fastsetje i skulereglane at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skulereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.

Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngrøande tiltak er tilstrekkelege.

Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Foreldra skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn blir vist bort for resten av dagen. Elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for opp til fem dagar. Det kan også fastsetjast at elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for resten av skoleåret dersom regelbrota er særleg alvorlege.

Det er dagleg leiar sjølv som vedtek bortvising frå opplæringa. Om ikkje styret fastset noko anna, kan dagleg leiar gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for. Bortvisinga kan ikkje gjelde for meir enn to klokketimar. Heimfylket gjer vedtak om at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skoleåret. Heimfylket kan ikkje delegera myndigheita til å gjere vedtak om at ein elev i den vidaregåande opplæringa skal visast bort for resten av skoleåret til den enkelte skolen. Norske vidaregåande skolar i utlandet gjer sjølv vedtak om bortvising.

#### *§ 3-10 a. Plikt til førebygging*

Styret skal sørge for at skolen driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for at det ikkje skal oppstå situasjonar der tilsette må gripe inn fysisk mot elevar.

#### *§ 3-10 b. Fysiske inngrep for å avverje skade m.m*

Tilsette i skolen kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- a. krenkjer ein person fysisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare
- b. skader eigedom
- c. viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.

#### *§ 3-10 c. Meldeplikt og dokumentasjon*

Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep etter § 3-10b, skal det melde frå om det til dagleg leiar (rektor). Dagleg leiar skal melde frå til foreldra til eleven. Dersom det er nytta fysiske inngrep mot den same eleven fleire gonger, eller inngrepet er særleg alvorleg, skal dagleg leiar melde frå til styret ved skulen.

Skulen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ei kort omtale av hendinga, inngrepet som vart gjort og eleven sitt syn på saka.

## § 13-2. Pålagt skulebyte

Kommuna og fylkeskommuna kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar.

Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein elev skal ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. Ein elev i den vidaregåande skulen skal heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må bytte utdanningsprogram eller programområde.

Kommunen og fylkeskommunen kan ikkje delegera myndigheita til å gjere vedtak om skulebyte til den enkelte skulen.

## Aktivitetsplikt

Framgangsmåte når ein får kjennskap til eller mistanke om at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

### 1. Følgje med

- Alle som arbeider på skulen skal følgje med på korleis elevane har det.

### 2. Gripe inn/varsle rektor

- Når ein tilsett ser eller får vite om ein situasjon der elevar vert krenka, skal han/ho gripe inn dersom dette er mogleg (**Meldeskjema skal straks fyllast ut og leverast til rektor**).
- Når ein tilsett får vite om, eller får mistanke om, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, **skal meldeskjema straks fyllast ut og leverast til rektor**.
- Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om, eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen krenker ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til skulen sitt styre, med mindre meldinga er openbart grunnlaus. Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenker ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen direkte. Undersøke og tiltak etter § 12-4 andre ledd og § 12-5 skal setjast i verk straks. **Meldeskjema skal straks fyllast ut og leverast til skulen sitt styre**.

### 3. Undersøke og opprette sak

- Når rektor får melding om at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal saka undersøkast.
- Undersøkinga skal starte utan ugrunna opphald.
- Dersom rektor etter undersøkinga konkluderer med at det må settast i verk tiltak, skal rektor opprette ein aktivitetsplan.

### 4. Samarbeid, tiltak og evaluering

- Tilsette og rektor samarbeidar vidare om aktivitetsplanen, fordeler ansvar, oppgåver og sett fristar.

- Elev og føresette skal informerast om at det er oppretta aktivitetsplan i saka, og skal få uttale seg om og medverke på kva tiltak som skal gjennomførast.
- Føresette skal få innsyn i planen så snart som råd (Skuleleiinga må sørge for at namn og opplysningar om andre elevar blir sladda).
- Aktivitetsplanen skal til ei kvar tid vise kva situasjon som er avdekt:
- Kva undersøkingane viser
- Kva tiltak som er sette i gong
- Kva som er formålet med tiltaka
- Kven som skal gjennomføre tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast
- Evaluering jamnleg om eleven har det trygt og godt (Om svaret er nei: ny runde med samarbeid, tiltak og evaluering).

## **5. Avslutte sak**

- Når elev, føresette og skule saman meinar at saka er løyst, skal utskrift av aktivitetsplanen arkiverast.

## **Når skulefråvær uroar oss**

*Etter opplæringslova § 2-1 og § 2-2, har born og unge rett og plikt til grunnskuleopplæring. Vidare etter Opplæringslova § 10-6 skal elevane vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane. Skulereglane skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp.*

*Plikta til å følgje opp gjeld alt fråvær og frå første dag ein elev er borte frå opplæringa.*

### **Kva er fråvær som uroar oss?**

Fråværsmønster knytt til einskilde dagar, timer, fag eller at eleven er på skulen, men fråværande i timen må avdekkast tidleg. Alt fråvær som skulen er informert om, er grunnlag for uro og skal avklarast med føresette.

Skulking og/eller udokumentert skulefråvær gjev umiddelbar grunn til bekymring og handling.

### **Kva er skulen sitt ansvar - registrering og oppfølging av fråvær**

1. Fråvær skal registrerast dagleg, både enkelttimar og heile dagar. Kontaktlærar held seg oppdatert på fråværet til sine elevar.
2. Ved fråvær skal eleven sine føresette ta kontakt med skulen og melde frå om årsak til fråværet. Dersom skulen ikkje får ei slik melding, skal kontaktlærar ta kontakt med dei føresette.
3. Dersom ein tilsett er uroa for fråværet til ein elev, skal kontaktlæraren ta dette opp med elev og føresette, og melde det til rektor. Om bekymringa held fram, skal kontaktlærar kalle inn elev og føresette innan ei veke. Formålet med møtet er å kartlegge, planlegge og iverksette tiltak, som skal evaluerast etter tre veker. Når tiltak er utprøvd i samarbeid med elev og føresette utan ønskt effekt, skal saka takast opp

med rektor. Innan ei veke skal rektor kalle inn føresette, elev og kontaktlærar til samtale om utfordringane, for saman å lage mål og finne rett innsats som skal stoppe fråværet. Elev og føresette skal informerast om andre tenester som kan yte bistand.

4. Skulen har ansvar for å gjennomføre systematisk kartlegging av oppretthaldande- og tryggande faktorar.
5. Dersom det høge fråværet held fram, må skulen vurdere kontakt med annan teneste, i tillegg planlegge og gjennomføre ny innsats i samarbeid med elev og føresette.

### **Kva er føresette sitt ansvar - melding om fråvær**

1. Ta tidleg kontakt med skulen ved alle typar fråvær (helst morgen same dag), og grunngi gjerne fråværet.
2. Planlagt fråvær skal meldast til skulen i forkant av fråværet.

### **Kva kan heimen gjere?**

- Godt samarbeid mellom dei føresette er viktig
- Framsnakk skulen og vis at skule er viktig
- Hjelpe barnet til å møte kvar dag og til rett tid
- Gje barnet oppmuntring og ros for å gå på skule, også når barnet ikkje kjenner seg heilt på topp
- Hjelp barnet med gode rutiner, som sovn, kosthald, skjermtid m.m.
- Unngå at det blir "kjekt" å vere heime dersom eleven unnlet å gå på skulen
- Ta kontakt med skulen ved fråvær
- Samarbeide aktivt med skulen om å finne årsak og oppfølging av fråvær
- Gjer hyggelege aktivitetar med barnet utanfor skuletid
- Hjelp barnet til å ha kontakt med jamaldrande i fritida og delta i fritidsaktivitetar
- Ta ein helsesjekk for å utelukke somatisk-fysisk sjukdom som grunn til skulefråvær

### **Åmås Friskule si tiltakstrapp ved skulefråvær**

Tverrfagleg samarbeid - innan 3 veker	4
Samarbeidsmøte med laget rundt eleven og rektor - innan 1 veke Evaluer, planlegg og iverksett tiltak - evaluer etter 3 veker	3
Møte med kontaktlærar, elev og føresette - innan 1 veke Kartlegg, planlegg og iverksett tiltak - evaluer etter 3 veker	2
Snakk med elev og føresette - same dag Oppklar bekymring og gje beskjed til rektor	1



## Forskrift om skuleregler for Åmås Friskule

Reglane er utforma av styret for friskulen i samarbeid med FAU og med heimel i opplæringslova § 10-7 og Privatskulelova § 5A-7. Skulereglane vert drøfta og reviderte av årsmøtet i foreldreforeninga i mars kvart år. Kontaktlærar og elevar arbeider med å gjennomgå dei vedtekne reglane i byrjinga på skuleåret og ved endringar.

### Kvifor har vi reglar?

Det er for at elevar, tilsette og heimane skal vite kva slags rettar og plikter som gjeld for elevane på skulen. Reglane skal vere ein reiskap for å skape tryggleik og trivsel på skulen både for elevane og dei vaksne som har arbeidsplassen sin her.

### Mobbing

Mobbing og trakkassering av elevar og tilsette skal ikkje førekome. Den som ser at nokon vert mobba, skal melde frå til dei vaksne på skulen eller heime, og det skal iverksetjast tiltak og stoppsamtalar umiddelbart. Jmf. skulen sin "Antimobbeplan".

### I timane

Lærarane og elevane utformar klasseromsreglar i lag. Det skal leggast vekt på ei åtferd i timane som skapar eit godt, trygt og inspirerande læringsmiljø på skulen.

### Uteleik og friminutta

Målet er at alle skal kjenne seg velkomne og trygge samvær med medelevar, i leik og i aktivitetar. Vi skal arbeide for å få vekk kjefting, krangling, grov språkbruk og anna åtferd som er med på å lage leikemiljøet i friminutta utriveleg og nedbrytande. Leiken skal ikkje vere slik at vi skadar kvarandre eller skulebygninga. Difor skal vi ikkje kaste snøball, dukke kvarandre i snøen eller oppføre oss slik at vi medvite gjer nokon vondt eller skadar nokon.

### Skulevegen

Reglane for uteleiken gjeld òg for skulevegen. Borna må ikkje "fryse nokon ut" slik at dei må gå åleine på skulevegen. Vi skal følgje trafikkreglane. Elevane skal ha hjelm på sykkelturar og anna sykling på skulen.

### Mobiltelefon

Elevane har ikkje lov til å nytte mobiltelefon i skuletida. Mobilen skal ligge avslått i sekken. Det same gjeld for mobilklokke. Brot på regelen fører til inndraging av mobilen resten av dagen, og melding heim. Ved 2. gong brot må føresette hente mobilen på skulen. Det er elles alltid på eige ansvar at elevar tek med dyrt, privat utstyr.

### SFO - Skulefritidsordninga

Skulereglane gjeld for tida i SFO også.

## **Skulemateriell**

Vi skal ta vare på skulemateriellet slik at det er i best mogleg stand til neste brukar. Dette gjeld både lærebøker, utstyr, inventar og skulebygg.

## **Helsa vår**

Vi skal ikkje ete snop/tyggis anna enn ved særlege høve som skulen opnar for. Det er forbod mot å nytte rusmiddel og røyk både i skuletida og under arrangement på ettermiddag- og kveldstid. Forbodet gjeld både i bygget og uteområdet.

## **Brot på reglane**

Vi veit at vi kan verte nøydde til å erstatte skadar. Krav om erstatning skal gjerast i samsvar med reglane om ansvaret for barn og unge i lov om skadeerstatning 13. juni 1969 nr 26.

Viss vi bryt reglane, veit vi at:

- Vi kan få tilsnakk av lærar eller rektor
- Heimen kan få melding pr. telefon eller skriftleg, eller begge deler
- Elevar kan visast ut frå timen
- Elevar får ikkje gå ut i friminuttet eller må gå inn før tida
- Rektor i samråd med lærar kan ta avgjerd om å sende eleven heim resten av dagen. Dei føresette skal kontaktast og har uttalerett før ei slik avgjerd vert teken. Eleven skal ha fått høve til å forklare seg.

**Bortvising av elevar skal handsamast som eit enkeltvedtak, og vere i tråd med Skulereglane, Forvaltningslova og Privatskulelova. Vedtaket kan klagast på . Fylkesmannen er klageinstans.**

Skulereglane er reviderte og godkjende av årsmøtet v/Åmås Friskule, mars-24.  
Åmås, 21.03.24, Solgun Nedreberg, rektor.

## Meldeskjema ved kjennskap eller mistanke om brot på § 12-4 eller § 12-5

Skjemaet skal fyllast ut av den som får mistanke om eller kjennskap til at ein elev eller ei gruppe elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skjema skal leverast til rektor. Rektor syter for at kontaktlærar og føresette vert orienterte, og at aktivitetsplan vert oppretta dersom undersøkinga syner at dette er naudsynt. *Undersøkinga som kjem etter meldinga skal vere skriftleg.*

Skjemaet skal arkiverast i elevmappa utan namn på andre elevar enn den elevmappa tilhører.

Namn på den/dei som blir krenka			Klasse:
Namn på den/dei som er involverte ( <b>skal fjernast før arkivering</b> )			Klasse:
Kort skildring av hendinga:			
Mobbing		Eigen observasjon	
Vald		Den krenka har varsla	
Rasisme		Medelev har varsla	
Utestenging		Føresett har varsla	
Diskriminering		Annan person har varsla	
Andre krenkande ord/handlingar			
Namn på utfyllar			
Dato for hending/utfylling			
Namn på kontaktlærar			
Rektor har motteke varsel (dato)			
Signatur frå meldar:			

## Skjema for undersøking av skolemiljøsaker etter § 12-4 eller § 12-5

<b>Undersøking av meldt § 12-4 / § 12-5</b>		
<b>Utførte handlingar</b>	Gjennomført ( <b>Ja</b> )	Ikkje gjennomført ( <b>Nei</b> )
Har de hatt samtale med eleven/(ane) og føresette? (helst same dag, seinast innan fem dagar)		
Har alle involverte partar fått uttale seg?		
Har dei involverte fått tilbod om å ha med seg støtte i samtalen? (føresette eller andre)		
Har de fått klarheit i bakgrunnen for eleven/ane si oppleveling?		
Har de oversikt over eleven sine omgjevnadar som påverkar skolemiljøet?		
Har de oversikt / fått innsyn i forhold tilbake i tid og/eller utanfor skulen som påverkar eleven si oppleveling?		
Har de nytta andre måtar for undersøking enn samtale? (Observasjon o.l.)		
- Om ja - korleis?	Kort skildring:	
Har de fått fram tilstrekkelege fakta for å belyse situasjonen?		

Skulen har undersøkt saka og vurderer at der er behov for tiltak. Saka vert følgd opp i tråd med rutiner for handsaming av saker etter § 12-4 og § 12-5	
Skulen har undersøkt saka og vurderer at der ikkje er behov for vidare tiltak. Saka er avslutta (dato): _____	
Signatur:	

## Handlingsplakat - når elevar brukar vald

<p>1. STOPP AKTIVITETEN OG VALDEN</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Først verbalt!</li> <li>- Fysisk inngraping, naudrett</li> <li>- Skjerming/redirigerig av andre elevar</li> <li>- Halding/leiding</li> <li>- Fjerning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vær medviten di plassering i høve til eleven</li> <li>• Vær roleg og prøv å roe ned situasjonen</li> <li>• Vær medviten både verbal og non-verbal kommunikasjon</li> <li>• Dei vaksne må gripe inn for å hindre/avgrense valdsutøving</li> <li>• Om mogleg bør ein vere to vaksne til stades før fysisk inngraping</li> </ul>
<p>2. FORKLAR ROLEG KVA DU GJER</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk namn</li> <li>• IKKJE eigenskapsbeskriving (dum, idiot,..)</li> <li>• Forklar roleg og skap forutsigbarheit</li> <li>• Ikkje diskuter</li> <li>• Det er viktig å avgrense mengda av ord</li> <li>• Utnytt gode relasjoner</li> <li>• Prøv å avleie, finn på alternativ</li> </ul>
<p>3. TILKALL HJELP Det kan vere viktig at vaksne har mobiltelefon tilgjengeleg.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilkall hjelp frå nærmeste voksenperson. Det er viktig å vere fleire vaksne til stade for å roe ned situasjonen og for å vitne kvarandre sine faktiske val og utføringar av ev. halding</li> </ul>
<p>4. IVARETA OFFERET</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta hande om offeret og gjer avtale om oppfølging</li> <li>• Vurder å sende offeret ein annan stad/til andre vaksne</li> </ul>
<p>5. “PUSTEPAUSE”</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avkopling og ein pause i etterkant av ein kritisk situasjon og godt for alle partar, både vaksne og elevar</li> </ul>
<p>6. GI INFORMASJON</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meld frå til rektor så fort som mogleg. Fyll ut meldeskjema så raskt som råd</li> <li>• Føresette må varslast om hendinga same dag</li> <li>• Føresette og elev kan møte på skulen for ein samtale med rektor ev. andre involverte same dag/ev. neste dag</li> </ul>
<p>7. KONSEKVENS Tiltak skjer i samsvar med “forskrift om skulereglane for elevar på Åmås Friskule”</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Valdsbruk skal alltid ha ein konsekvens for elevane det gjeld</li> <li>• Konsekvensen skal vere kjend for alle</li> <li>• Konsekvensen skal vere individtilpassa</li> </ul>
<p>8. OPPFØLGING</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hendinga skal meldast som avvik</li> <li>• Ev. skademeldingsskjema til NAV</li> <li>• Gjenteken valdsbruk skal varslast styret ved skulen og handterast som systemsak.</li> <li>• Vaksne må ha ein felles 5-punkts handlingsplan</li> </ul>

# Verktykskrin for skulen i arbeidet med trygt og godt skulemiljø

Under følgjer eit oversyn over tiltak som skulen kan nytte i arbeidet med skulemiljøsaker:

<p><b>1. Følgje med</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• God Klasseleiing</li><li>• Systematisk observasjon i klasse/friminutt</li><li>• Inspeksjonsplan med klar instruks</li><li>• Spekter-undersøking</li><li>• Arbeid med relasjonskompetanse for alle tilsette</li><li>• Elevsamatalar</li><li>• Samarbeid heim-skule</li><li>• Kollegaobservasjon</li><li>• Arbeid med elev-, foreldre- og lærarundersøkingane</li><li>• Det er mitt val, Livet og sånn</li></ul>	<p><b>2. Undersøke</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Systematiske observasjonar og kartleggingar</li><li>• Spekter-undersøking</li><li>• Samtalere med føresette</li><li>• Samtalere med andre tilsette eller vaksne</li><li>• Observasjon i klassa frå kollegaer, leiing eller andre instanser</li><li>• (Sjå nærmare på om Innblikk - systematisk elevsamtales og systematisk observasjon i klasse og i friminutt kan vere noko vi kan nytte!!)</li></ul>
<p><b>3. Sette inn tiltak</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• STOPP-samtalar</li><li>• Ekstra vaksne ute i friminutt, timer og overgangar</li><li>• Avtalar mellom elev og kontaktlærar</li><li>• Planar for felles reaksjonmåtar for tilsette ovanfor elevar eller grupper</li><li>• Støtte/rettleiing frå PPT/andre instansar</li><li>• Deling av grupper/klasser</li><li>• Involvering av foreldregruppa</li><li>• Mellombels eller varig omplassering av elevar innanfor skulen</li></ul>	<p><b>4. Følgje opp</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Planfesta og hyppige elevsamtalar med offer og den som krenkar</li><li>• Samtalere med helsejukepleiar</li><li>• (Systematisk observasjon - innblikk)</li><li>• Spekter undersøking</li><li>• Rettleiing frå PPT/andre instansar</li><li>• Involvering av føresettegruppa</li><li>• Intensiv bruk av sosiale program i periode</li><li>• Tilvising til kommunepsykolog</li><li>• Tilvising til BUP</li><li>• Bekymringsmelding til BVT</li></ul>

# **IKT - reglement for Åmås Friskule**

## **Internett - Om tryggleik og etikk**

- Vi skal ikke nytte internetsider som tradisjonelt sett er virusbelasta, til dømes fildelingsverkty/chatrooms/spelsider
- Det er forbode å opphalde seg på eller laste ned innhold fra internetsider med pornografisk, -rasistisk eller anna lovstridig -og/eller uetisk innhold
- Åmås Friskule sin internettilgang skal ikke nyttast til nedlasting av musikk og film
- Vi skal ikke opptre anonymt på nettet
- Vi skal ikke la andre få vite eige passord
- Vi skal ikke distribuere rettighetsverna materiale som vårt eige
- Vi skal alltid oppgi kjelder dersom vi bruker andre sine bilete/tekster/lydopptak/filmar
- Mat og drikke nyttar vi ikke i nærleiken av IKT-utstyr
- Det er ikke lov å endre utsjånad på Chromebooken eller anna utstyr, t.d. tusj, klistermerke og liknande, eller plukke av eller byte om tastar

## **Andre ressursar som kan nyttast i arbeidet med trygt og godt skolemiljø:**

- Nettstedet Voksne for barn: <https://vfb.no/>
- <https://www.udir.no/nullmobbing/>
- <https://foreldreutvalgene.no/fug/>
- <https://www.barneombudet.no/>
- <https://sleltmeg.no/>
- <https://brukhue.no/>